



## Notat

Dato: 13.03.2014  
Arkivsak: 2014/12028-7  
Saksbehandlar: ellgunn

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Partistøtte

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 20.02.2014 er teke inn følgjande:

«**Bente Bondhus** spurde om partia framleis må kvittere ut for partistøtte, eller om den kjem «automatisk». Fylkesrådmannen vil sjekke dette.»

Reglement for godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune fastset retningslinjer for ordningane:

- Fast godtgjersle og møtegodtgjersle
- Tapt arbeidsforteneste
- Gruppestønad og gruppeleiar godtgjersle
- Frikjøpsmidlar
- Stemmetøtte
- Tilskot til opposisjonsgrupper

Fast godtgjersle, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste vert utbetalt løpande gjennom året. Godtgjersla vert justert for frammmøteprosent.

For gruppeleiar godtgjersle og frikjøpsmidlar er det fastsett i reglementet korleis utbetalingane skal ordnast. For gruppeleiar godtgjersla står det slik i reglementet:

«Gruppeleiar har råderett over gruppeleiar godtgjersla som vert utbetalt slik gruppeleiar fastset».

For frikjøpsmidlane står det tilsvarande:

«Stønaden vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiar sin attestasjon.»

Desse midlane vert dermed ikkje utbetalt «automatisk».

Fylkesrådmannen legg same praksis til grunn for utbetaling av gruppestønaden. Det er ulikt mellom gruppeleiarane korleis ein ønskjer å få gruppestønaden utbetalt og for å sikra rett utbetaling er det nødvendig å få oppgeve oversyn over korleis utbetalingane skal skje. Dette sikrar også at det vert nytta rett bankkonto ved utbetalinga.

For å sikra god kontroll også med dei andre utbetalingane, praktiserer fylkesrådmannen også for utbetaling av stemmetøtte og tilskot til opposisjonsgrupper ei ordning der ein må melda inn kva bankkonto tilskotet skal utbetalast til. Om gruppeleiarane ikkje tek kontakt om utbetalingane, vil dei verta kontakta av fylkesadministrasjonen.

